



Kunnskapsministeren,
Postboks 8119 Dep.,
0032 OSLO.
postmottak@kd.dep.no

DYKKAR REF:
14/2719-

VÅR REF:

DATO:
31.10.2014

Svar på oppdragsbrevet av 26.5.2014

Høgskulen i Volda (HVO) svarar med dette på oppdragsbrevet av 26.5.2014 (med avklaringar og presiseringar i brev av 8.10.2014). Vi minner om kvalitetane HVO har som ein mellomstor høgskule. Samstundes forstår vi at statsråden ynskjer færre institusjonar i UH-sektoren, og mot slutten av brevet vert nokre moglege fusjonsløyisingar vurderte. I samsvar med kap. 4 i oppdragsbrevet er teksta disponert i følgjande punkt:

- 1) Strategisk profil
- 2) Ambisjonar og prioriteringar
- 3) Demografisk utvikling
- 4) Sterke og veikare sider ved HVO
- 5) Kritisk vurdering av føresetnadene for å realisere profil og ambisjonar
- 6) Hovudgrep for å realisere strategisk profil
- 7) Tiltak som fremjar SAKS
- 8) Framtidig UH-struktur
- 9) Oppsummering

1) Strategisk profil

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Vi gjev fag- og profesjonsutdanningar på bachelor-, master- og PhD-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur. Utover den regionale rolla har høgskulen desse nasjonale satsings-områda:

- Yrkesretta medieutdanning
- Nynorsk i utdanning, forskning og formidling
- Fleksible vidareutdanningstilbod

2) Ambisjonar og prioriteringar

Prioriteringane for HVO ligg innebygde i ambisjonane som kjem til uttrykk nedanfor.

Utdanning

HVO skal dekkje regionen sine behov for dei velferdsutdanningane som vi tilbyr. Vi ønskjer å vidareutvikle desse studietilboda for å møte auka krav til kvalitet i åra som kjem. Dei profesjonsretta grunnutdanningane er grunnstamma i studieporteføljen. I tillegg til den viktige regionale rolla, prioriterer HVO følgjande satsingsområde der vi vil oppretthalde og vidareutvikle ei nasjonal og til dels (for dei to første sitt vedkomande) internasjonal rolle:

- Yrkesretta medieutdanning
- Nynorsk i utdanning, forskning og formidling
- Fleksibel vidareutdanning

Mediefaga

HVO har det største mediefagmiljøet i landet, og vi har ambisjon om å vere i fremste rekkje i Skandinavia på yrkesretta medieutdanningar. Masteren i *Dokumentar og Journalistikk* er godt i gang. Det er eit mål å etablere mastertilbod også for studentar i animasjon og PR, kommunikasjon og media. Med den kompetanseoppbygginga som vi har hatt siste åra er dette realistisk. Strategien vår er å utvikle mastertilbod på fleire fagområde og samordne med dei eksisterande.

Nynorsk

Høgskulen i Volda profilerer seg med å ta eit ekstra ansvar for nynorsk språk og kultur. Vi har eit eige Forskingssenter for skriftkultur, Master i nynorsk skriftkultur og vidareutdanning i Nynorsk i opplæringa. HVO samarbeider nært med Nynorsk kultursentrum (Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda) og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Sistnemnde er vi som kjent vertsinstitusjon for. Frå eit språkpolitisk perspektiv er det særleg viktig å ta vare på lærar-utdanningane i Volda som er så sterkt knytte mot dette nynorske forskings- og formidlings-miljøet.

Fleksible utdanningstilbod

HVO har mange fleksible studietilbod med svært god søkning. Fleire av dei er nettstudium. I åra framover vil vi vidareutvikle digitale undervisnings- og vurderingsformer. Vår ambisjon er framleis å vere blant dei aller beste på fleksible nettstøtta studietilbod. Dette stiller nye krav til pedagogisk kompetanse, infrastruktur og støttefunksjonar.

Styresmaktene har som kjent lagt opp til ein stor vekst i vidareutdanningsmarknaden framover. HVO vil prioritere å vere aktiv med slike tilbod på alle område der vi har grunnutdanningar: skule, barnehage, helse- og sosial. Den største satsinga på etter- og vidareutdanning vil vere innafor offentleg sektor. Men vi har også ambisjonar om å utvikle tilbod for næringslivet om leiing, religion, kulturforståing, språk, krisehandtering og media.

Dei fleksible vidareutdanningstilboda spelar ei avgjerande viktig rolle for å imøtekome arbeidstakarane sine behov for livslang læring. Høgskulen i Volda vidareutdannar kvart år over tusen studentar på slike tilbod. Kjenneteikna for denne målgruppa er at dei har eit sterkt ønske om formell vidareutdanning, og på grunn av arbeids- og familieforhold er berre fleksible nettstudium aktuelle. Slik kan vi gi eit tilbod til studentar som elles ikkje hadde hatt høve til vidareutdanning. På desse studia rekrutterer vi nasjonalt.

Vi har pr. i dag stor kapasitet på fleksibel vidareutdanning, og vi kan bidra til å utvide denne kapasiteten monaleg, til dømes når det gjeld vidareutdanning av lærarar. Så langt har etterspurnaden vore størst til studietypar med relativt lågt teknologisk brukargrensesnitt. På dette feltet er utviklinga likevel stor, og Høgskulen i Volda arbeider aktivt med å utvikle studieformer som i større grad tar i bruk dei moglegheitene som nye teknologiske løysingar opnar for. I framtida ser vi føre oss at studentane kan velje mellom studietypar med ulik grad av teknologisk kompleksitet innan sentrale fagområde som høgskulen tilbyr. Vi tar såleis sikte på å nå studentar med ulike digitale føresetnader og ulike behov for fleksibilitet (synkron/asynkron undervisning).

Her ligg det godt til rette for at HVO kan spele ei sentral rolle i å hjelpe styresmaktene med «Lærarløftet». Dagens ordning med «Kompetanse for kvalitet» er god, men kostbar, og ho dekkjer langt ifrå behovet. HVO vidareutdannar årleg ei stor mengde lærarar gjennom fleksible og distanseovergripande studium i sentrale skulefag som norsk, engelsk, matematikk, RLE, historie, samfunnsfag – i tillegg til emne som digital kompetanse i læring. Vi ser føre oss ein auke i søkinga til slike tilbod framover, og vi ser med forventning på at det vert lagt opp til stipend- og støtteordningar som kan gjere denne typen av kompetanseheving endå meir attraktiv for svært mange lærarar i landet.

Lærarutdanningane

Grunnskulelærarutdanninga (GLU) vil bli masterutdanning frå 2017. HVO har i dag ein master i undervisning og læring. Dette er ein master med førebels tre spor. Med utgangspunkt i nokre felles emne kan studentane velje spesialisering i spesialpedagogikk, norsk eller matematikk. Det er i tråd med nasjonale retningslinjer lagt opp til at GLU-studentane kan gå over på denne masteren etter tredje studieåret.

Slik har HVO gjort seg nyttige erfaringar og altså alt etablert eit tilbod som vil vere godt utgangspunkt for ny lærarutdanning på masternivå. Vi har også eit sterkt fagmiljø i engelsk som i «Lærarløft»-samanheng blir omtalt som det tredje sentrale skulefaget. Vidare har høgskulen sterke fagmiljø på dei fleste andre skulefag (dei praktisk-estetiske faga, samfunnsfag og RLE). Målretta satsing på forskning og kompetanseheving over tid, gjer at vi i dag har godt kvalifiserte fagpersonar. Tilhøva ligg såleis til rette for å løfte grunnskulelærarutdanningane ved HVO opp til masternivå.

Sidan GLU blir master, er det grunn til å tru at det blir same krav til å drifte PPU. For tida utdannar vi fleire lærarar gjennom PPU enn gjennom GLU, så dette er også ei viktig utdanning for HVO. Vår ambisjon er at vi skal tilby PPU på masternivå når det kravet kjem. Det er viktig både for å dekkje behova for lærarar i regionen og for halde oppe og utvikle

dei gode fagmiljøa. Som ledd i vidare utvikling av studieporteføljen blir det arbeidd med ei ny yrkesfaglærer-utdanning. Høgskulen i Volda har i 2013 teke aktiv del i dette arbeidet i Møre og Romsdal. Det skjer i tett samarbeid med Høgskolen i Ålesund, fylkeskommunen og næringslivet. Ein grunnidé er at utdanninga skal byggast rundt dei moglegheiter som dagens teknologi gir for IKT-basert undervisning, læringsstøtte, kommunikasjon og erfaringsspreiing.

HVO vil prioritere vidare utvikling av den nye barnehagelærerutdanninga. Vi vil vere ein sentral utviklingsaktør i høve barnehage og skule i regionen. Det skjer som før i tett samarbeid med fylkesmannembetet og skule- og barnehageeigarane.

Samfunnsfaga

Når det gjeld studietilboda i samfunnsfag og historie, vil vi stort sett ha same porteføljen dei næraste åra. Det er sett i gang arbeid med evaluering og eventuell omlegging av sosialfaga som oppfølging av Meld. St. 13 (2011-2012) Utdanning for velferd, og fagmiljøet på HVO er aktivt med i det arbeidet. Det gjeld både fagleg innhald på bachelor- og masternivå og etter- og vidareutdanning. På masternivå er det viktig for å oss å styrke dei sosialfaglege elementa i helse- og sosialfaga.

Bachelorgraden i planlegging og administrasjon blei omarbeidd for nokre år sidan, og endringa har gitt betre rekruttering. Samfunnsfaget i lærarutdanninga rekrutterer svært godt. Saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane planlegg fagmiljøet ein mastergrad i samfunnsfag for lærarar. Mastergraden i samfunnsplanlegging og leing har også rekruttert godt til ulike delemne, og etterkvart er det fleire av studentane som i tillegg til meir målretta etter- og vidareutdanning ser verdien av å fullføre med masteroppgåve.

Nasjonalt har det vore ein viss nedgang i søkinga til historiefaget, men ved HVO har vi oppretthalde studenttalet. Til masteren i kulturmøte (samarbeid mellom historie- og religions-miljøet) har det vore ein liten, men jamn auke. Mastertilboda i samfunnsfag og historie er samlingsbaserte og rekrutterer vidt geografisk. Det er difor viktig å samordne desse slik at utdanningsinstitusjonane supplerer kvarandre og ikkje konkurrerer om dei same tilboda. Vi har forventningar om at samarbeidet i UH-nett Vest kan møte denne utfordringa. Det er også eit mål å tilby emne frå våre mastertilbod til dei andre høgskulane i Vestlandssamarbeidet og Mørealliansen.

Doktorgraden i samarbeid med Høgskolen i Molde kjem mest truleg i drift frå 2015 og kompletterer studietilbodet. Avdeling for samfunnsfag og historie har ikkje ambisjon om å vekse i samla studenttal, men å auke rekrutteringa for å sikre betre inntakskvalitet.

Dei praktisk-estetiske faga

Ein viktig del av profilen vår er at vi har satsa på dei praktisk-estetiske faga. Vi har prøvd å gje tilbod om faglærerutdanning i nokre av desse. Med det søkjargrunnlaget vi har sett til no, og dei nye karakterkrava som kjem til neste år, er desse tilboda inne i ein kritisk fase. Ei vidare utvikling av dei praktisk-estetiske faga kan skje i samarbeid med andre

institusjonar på Vestlandet. Vi kan også tenkje oss at HVO kan ta eit nasjonalt ansvar for praktisk-estetiske fag i skulen.

Følgjegruppa for GLU har peika på at det er problematisk at dei små skulefaga ikkje blir tekne godt nok vare på i dagens modell. HVO kan ta ei rolle under føresetnad av auka ressursar. Det at vi har SEANSE – senter for kunstproduksjon med løyvingar frå både Kunnskaps- og Kultur-departementet – kan byggje opp om ei slik rolle. Dei praktisk-estetiske faga har også ambisjonar om studietilbod på masternivå. Men det føreset førebels at dei kan kome inn i andre masterutdanningar ved HVO. Samarbeid med andre i UH-nett Vest kan òg tenkjast her.

Senter for kunnskapsformidling

HVO skal fornye og vidareutvikle posisjonen sin som akademisk kunnskapsformidlar. Mangeårig prioritering av pedagogikk, journalistikk og kreative uttrykksformer har gjeve høgskulen eit aktivt og allsidig fagmiljø innan moderne formidling, oppleving og læring. Med utgangspunkt i dette har vi planar om å utvikle eit innovativt senter for kunnskapsformidling med tidsmessige lokalitetar og oppdatert utstyr.

HVO vil vidareutvikle dei aktuelle fagmiljøa i møte med framtida sine informasjons-behov både nasjonalt og internasjonalt. Ringverknadene av ei auka satsing på dette feltet vil ha positiv effekt både for profesjonsutdanningane for velferdsstatens yrke og for dei ulike fagstudia i Volda. I samband med dette har vi også ambisjon om å utvikle eit nasjonalt opplevingssenter for animasjon – i eit nytt medie- og kulturhus. Senteret er etablert, men held førebels til i leigde lokale som ikkje er særleg tenlege.

Internasjonalisering

Når det gjeld ambisjonane for internasjonalisering har HVO allereie underteikna samarbeids-avtale med University of Cardiff i samband med den godkjende PhD-utdanninga i helse- og sosial. Vi ønskjer også å lage ein felles mastergrad i religionskunnskap (arbeidstitel: «Abrahams barn») saman med *Åbo akademi* og *Teologiska Høgskolan* i Stockholm. Her er planlegginga godt i gang. Vi arbeider også med ein dobbelgrad i mediefag med *Universitetet i Kiel*.

På litt lengre sikt vil vi utvikle ein internasjonal fellesgrad innafor animasjon. Meir generelt vil vi vidareutvikle det faglege samarbeidet om utdanning og forskning med våre etablerte utanlandske partnarar. Målet er framleis å ligge i nasjonal tet når det gjeld studentutveksling.

HVO fekk støtte frå Utdanningsdirektoratet til å utvikle ein norsk modell for «Teaching Artist». Gjennom Seanse har Norge arrangert den første internasjonale konferansen på feltet, «1st International Teaching Artist Conference» arrangert i Oslo av Seanse i 2012. Som ein direkte oppfølgar blei «2nd International Teaching Artist Conference» arrangert i Brisbane i juli 2014, og der vi var med i «the advisory board» for konferansen. Gjennom vidare arbeid med Den kulturelle skulesekken og Teaching Artist-konseptet vil vi utvikle feltet både nasjonalt og internasjonalt.

Forsknings- og utviklingsarbeid

Ambisjonane innanfor FoU-området handlar først og sist om forskingspublisering og formell kompetanseheving. Høg publisering er ein føresetnad for å kunne skape interesse for høgskulens fagmiljø frå aktuelle samarbeidspartnarar i inn- og utland, og det er også ein føresetnad for å skrive gode søknader om forskingsmidlar og dermed skaffe prosjekttinntekter – som igjen vil gi nye midlar til forskning og publisering. For den einskilde forskaren er også publisering ein føresetnad for å heve formell kompetanse. Høg formell kompetanse og faktisk forskning på utdanningsrelevante område er nødvendig for å oppretthalde dagens studietilbod på masternivå, og er i endå sterkare grad ein føresetnad når det gjeld å tilby Ph.D.-utdanning. Også når det gjeld vår interne kvalitetssikring av utdanningane på alle nivå er høg formell kompetanse ein føresetnad for å vidareutvikle tilboda.

Høgskulen i Volda har hatt høg grad av publisering samanlikna med andre høgskular i regionen. Det har truleg kome av at HVO har prioritert publisering høgt, og at alle fagtilsette har fått rom for FoU i arbeidstida. Dei fagtilsette ved Høgskulen i Volda har nådd høg kompetanse og viser vilje til å ta nye steg. Det er viktig å ta vare på og vidareutvikle denne kompetansen ved å halde fram med å tilby gode ordningar for tilsette som publiserer, for stipendiatar, og for fast tilsette som vil gå inn i doktorgradsløp og å kvalifisere seg for professorkompetanse. Høgskulen sin ambisjon er å styrke forskinga gjennom sterkare styring av FoU-ressursen. Målet er framleis å vere blant dei mest FoU-aktive høgskulane.

Høgskulen i Volda må bli betre til å skaffe seg eksterne forskingsmidlar. Det er vanskeleg å få gjennomslag utan at den grunnleggjande og relevante kompetansen er på plass. Somme fagområde vert satsa sterkt på gjennom nasjonale føringar og prioriteringar. HVO vil difor legge særleg vekt på å styrke stillinga på dei fagområda. Tydelegast ser ein kanskje dette innanfor lærarutdanning. Utvikling av forskingsprosjekt og forskningssøknader er risikabelt og tidkrevjande arbeid, og søknadsskriving er ein eigen sjanger. Høgskulen har som ambisjon at alle fagmiljøa skal ha kapasitet til å utvikle og gjennomføre større forskingsprosjekt.

På avdelingsnivå er utfordringane forskjellige, og ambisjonane må difor også vere ulike. Til dømes har Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning svært høg formell akademisk kompetanse, men særleg innanfor pedagogikk hadde det vore ønskjeleg med fleire med toppkompetanse. Avdeling for samfunnsfag og historie har også tilsette med svært høg formell kompetanse, men må få fram fleire i mellomsjiktet. Alle avdelingane har som ambisjon å heve kompetanse og kapasitet på dei prioriterte fagområda.

Høgskulen har i 2014 starta eit arbeid med å la forskarinitierte og forskarstyrte forskingsgrupper få tydelegare roller og forventningar i kunnskapsutviklinga ved høgskulen. Forskningsgrupper vil ha ulike roller på ulike fagområde ut frå faga sine føresetnader. Høgskulen har som ambisjon å avklare desse gruppene sine potensial i lokal og nasjonal kunnskapsutvikling, forskings-samarbeid og prosjektarbeid.

Høgskulen har allereie lukkast i å få tildeling frå europeiske forskingsprogram innanfor humaniora og samfunnsfag (HERA-programmet, delfinansiert av EUFP7), i hard konkurranse med framståande forskingsmiljø. Vi ser at vi må satse vidare i internasjonalt samarbeid der norske finansieringsordningar ikkje slår til. For å nå større internasjonale forskingsinntekter frå til dømes Horisont 2020, vil HVO satse på nært samarbeid med relevante forskingsmiljø både innan- og utanlands.

Internasjonalisering av forskinga skjer gjennom deltaking i forskingsnettverk, publisering på engelsk, publisering i utanlandske tidsskrift og forlag; ikkje minst ved at det norske samfunnet i stort blir meir og meir internasjonalisert. Høgskulen vil legge til rette for individuell internasjonal nettverksbygging og få på plass eit avgrensa tal institusjonelle avtalar med nokre utanlandske universitet.

HVO har eit eige poengsystem for å gje utteljing for utviklingarbeid som ikkje gjev nasjonale poeng. Vi ser det som viktig å fremje både kunstnarleg utviklingsarbeid og formidlingsverksemd av ulik art. Høgskulen har god erfaring med dette systemet, og rapporteringa syner stor og variert aktivitet på utviklings- og formidlingsfeltet.

3) Framtida for HVO i lys av demografisk utvikling

Tal fødde 1996 – 2010

Årstal	Heile landet	M og R	S og Fj
2015	60927	3245	1575
2016	59801	3070	1473
2017	58352	3083	1463
2018	59234	3188	1432
2019	59234	3109	1432
2001	56696	3034	1335
2002	55434	2804	1289
2003	56458	2907	1342
2004	56951	2945	1285
2005	56756	2801	1267
2006	58546	2636	1199
2007	58459	2811	1221
2008	60497	2820	1226
2009	61807	2994	1205
2010	61442	2816	1223

Framskriving tal fødde 19 år i 2015-2019 og framskriving tal 14-åringar 19 år i 2015-2019 (feit skrift)

Årstal	Heile landet	M og R	S og Fj	Heile landet	M og R	S og Fj
2015	60927	3245	1575	63958	3396	1527
2016	59801	3070	1473	64917	3568	1598
2017	58352	3083	1463	63981	3431	1506
2018	59234	3188	1432	62606	3328	1462
2019	59234	3109	1432	63646	3484	1463

Den første tabellen viser at fødselstala går ned i heile landet og i regionen. Dei nasjonale tala når botnen i 2002; så går fødselstala opp igjen, og frå 2009 ligg dei over 1996-tala. Dei regionale tala viser at nedgangen held fram til 2006. I Møre og Romsdal og Sogn Fjordane kjem ikkje tala opp igjen på 1996-nivået. Dette gjev signal om at det ikkje vil bli fleire søkjarar til høgre utdanning i åra som kjem under føresetnad av at studiefrekvensen er den same som no – heller færre, særleg i vår region. SSB opplyser at dei ikkje har gjort undersøkingar om mogeleg auke i studiefrekvens.

Den andre tabellen kan gje grunnlag for ei meir optimistisk utvikling. Her ser vi at talet på 14-åringar – både i heile landet og i vår region – er høgare enn det ein kan forvente ut frå fødsels-tala. Det skuldast at innvandringa til Norge har vore relativt høg dei seinare åra. Vi veit også at mange innvandrarbarn tek høgare utdanning. Ein førebels prognose er at søkninga til HVO kan bli om lag som no.

Vi veit at det ikkje berre er den demografiske utviklinga som verker inn på søkjartala, men kanskje i like stor grad ungdomen sine studieval. Ein ting er kva behova for arbeidskraft vil vere i åra framover. Det veit vi ein del om. SSB har laga rapporten *Forecasting demand and supply of labour by education*. Ein av konklusjonane i rapporten er at det er stort behov for fleire av våre profesjons-utdanningar – særleg lærarutdanningane og sosialarbeidarutdanningane. Men ungdomen gjer ikkje alltid val som er i samsvar med samfunnet sine behov. Sjølv om det er ein veldig god arbeidsmarknad for nyutdanna lærarar, så ser vi at søkjartala til GLU ikkje har auka dei tre siste åra. Spørsmålet er då kor attraktiv vår studieportefølje vil vere i åra framover.

4) Sterke og veikare sider ved HVO

Kvalitetar

Høgskulen i Volda er ein mellomstor, kompakt høgskule med korte avstandar. Det gjeld både geografisk, fagleg og administrativt. Vi har konsentrert den faglege verksemda om oppgåver som heng godt saman. Dei tilsette ved HVO er fleksible, effektive og omstillingsdyktige. Dette gir høgskulen kvalitetar som vi ønskjer å utnytte og vidareutvikle: studentar møter studentar frå andre fag og andre profesjonar, fagleg og administrativt personale er nært og tilgjengeleg. Det skaper kollegiale fagmiljø på tvers av faggrenser, det gir gjensidig innsyn mellom fag og administrasjon, og det gir forståing for økonomiske rammer og styringsbehov. Vi meiner dette er kvalitetar som viser igjen i høgskulen sitt omdøme og i rapportar om verksemda.

HVO er no best i landet på gjennomføring både på BA og lærarutdanning. Vi arbeider kontinuerleg for å halde på den posisjonen. Vi er også gode til å fange opp behov for livslang læring og leggje til rette for deltidsstudenten gjennom fleksible studietilbod og ulike digitale læringsformer. Dei fleksible utdanningane våre er forankra i solide fagmiljø på campus. Når det gjeld internasjonal utveksling av studentar er vi framleis på topp i landet. Vi skårar godt på utdanningsintensitet som er ein indikator på at vi er kostnadseffektive. Vi har ein høgt kvalifisert stab av fagtilsette. HVO fører ein aktiv kompetanseutviklingspolitikk – som har gjeve og gjev resultat. Delen førstestillingar er aukande og ligg over gjennomsnittet for høgskulegruppa.

I 2014 har vi fått akkreditering for ein felles PhD-grad i lag med Høgskolen i Molde. Det er ein god indikator på høg kompetanse. Medieutdanningane våre har eit godt renommé, og fagmiljøet der er det største i landet. Vi har eit godt studentmiljø. Vi har også greidd å halde oppe eit breitt tilbod i praktiske og estetiske fag i ei tid då mange andre har lagt ned slike fag. HVO har satsa på ei eiga Avdeling for kulturfag og auka kompetansen i det fagmiljøet monaleg.

Studenttalet på HVO har etablert seg på eit høgare nivå dei siste åra, og rekrutteringa har vore rimeleg god. HVO har ein studieportefølje som samfunnet vil ha stort behov for i åra framover.

Utfordringar

HVO har relativt få søkjarar pr. studieplass og ligg i så måte under snittet for høgskulegruppa. Utviklinga det siste året har gått i feil retning. Karaktersnittet ved opptak har også gått litt ned. Men i årets tilstandsrapport har KD laga eit eige kapittel om eit utval sentrale profesjons-utdanningar: sjukepleiar-, ingeniør-, førskulelærer-/barnehagelærer-, allmennlærer-/grunnskulelærer- og integrert femårig lærarutdanning. HVO er representert ved førskulelærer-/barnehagelærerutdanning og allmennlærer-/grunnskulelærerutdanning.

Gjennomsnittstalet på kvalifiserte søkjarar til lærar-utdanningane er 1,1 i 2013; HVO hadde 0,8. For barnehagelærerutdanninga er talet 0,9 i 2013, HVO hadde 1,0. Mykje av forklaringa på dei svake søkjartala til HVO finn vi i dårleg søking nasjonalt til studietilbod som utgjer ein viktig del av vår portefølje. Når det gjeld inntakskvalitet målt i karaktersnitt ved opptak, så ligg HVO over gjennomsnittet i 2013 for lærarutdanninga. Berre tre institusjonar har høgare karaktersnitt ved opptak – dei nye universiteta inkludert.

Vi har hatt ei negativ utvikling når det gjeld FOU-verksemda dei to siste åra. Men i eit lengre perspektiv har HVO mykje meir FoU-verksemd, høgare nivå og høgare kompetanse enn for ti år sidan. Biletet blir også meir nyansert dersom vi går inn i “profesjonskapitlet” i Tilstands-rapporten 2014. HVO ligg godt over gjennomsnittet når det gjeld publiseringspoeng pr. fagleg tilsett i lærarutdanningane. Vi er fjerde best på del tilsette med førstekompetanse i lærar-utdanningane – dei nye universiteta inkludert. Men vi har eit forbedringspotensial når det gjeld tilslag på søknader til NFR og andre eksterne kjelder

– sjølv om vi har lukkast med PRAKUT-programmet og med europeiske forskingsmidlar i HERA-programmet i inneverande periode.

Vi har framleis relativt få studietilbod på engelsk. Men dei engelskspråklege studia ved høgskulen ser så langt ut til å vere godt tilpassa talet på framandspråklege studentar og dei norskspråklege som søker slike tilbod.

Gjennomføringa på masternivå er for dårleg og ligg godt under snittet – med unntak av master i dokumentar og journalistikk. Delvis trur vi dette kan forklarast med at mange studentar tar einskildemne i masterutdanninga som etter- og vidareutdanning – utan tanke på å fullføre ein akademisk grad. Dei fleste av våre masterstudiar er samlingsbaserte og kan takast på deltid. Difor er mange av våre masterstudentar også i arbeid; noko som kan føre til at tida ikkje strekk til, og at dei dermed ikkje makter å fullføre graden.

Ei av dei største utfordringane er ein gjengangar: å få fleire søkjarar per studieplass. Dette er utfordringar som ikkje HVO kan handtere på eiga hand – sidan ein del av forklaringa er svak søking til lærarutdanningane på nasjonalt nivå. Fagporteføljen til Høgskulen i Volda baserer seg i stor grad på profesjonsutdanningar som er sentrale i velferdsstaten. Viss vi skal få ein monaleg auke i søkarar pr. studieplass til desse utdanningane, må det henge saman med at ungdom opplever desse yrka som meir attraktive enn dei gjer no. Dette er ei nasjonal oppgåve som vi berre i nokon grad kan bidra til. Vi forventar at sentrale styresmakter vil syte for rammer som gjer at fleire unge vil velje læreryrket og tilsvarende utdanningar.

HVO har låge inntekter av ekstern verksemd (BOA), og vi taper terreng samanlikna med andre høgskular. Tala for 2013 viser som året før at der er høgskular som hentar ut mykje større midlar frå offentleg sektor. Men vi er gode på fleksible studium og har auka inntekter frå studieavgifter dei seinare åra. På det området bør vi ha ytterlegare potensial. Vi rettar oss mot store profesjonsgrupper i endring der behovet for kompetansepåfyll er stort.

Ein god infrastruktur er vesentleg for å sikre god kvalitet på utdanningstilboda. HVO har i dag nokre bygg som held god standard. Men i dei årlege kvalitetsrapportane til styret kjem det fram at store delar av bygningsmassen ikkje held mål. Mellom anna må animasjonsutdanninga halde til i eit bomberom, og journalistutdanninga sine redaksjonslokale er ikkje tidsmessige. Statsbygg har gitt Ivar Aasen-huset (reist av Volda kommune for Distriktshøgskulen tidleg på 1970-talet) negativ verdi. Signalbygget «Kaarstad 1922» (lærarskulebygning med freda fasade) har ikkje ventilasjonssystem og heller ikkje tidsmessig standard på undervisningsroma. Det er difor stort behov for å renovere fleire av bygga og å erstatte nokre av dei med nye fleksible lokale.

5) Kritisk vurdering av føresetnadene for å realisere profilen

Den sentrale faktoren for å realisere både utdannings- og forskingsambisjoner er høy fagleg kompetanse. Det samla fagmiljøet på HVO tilseier at høgskulen har kompetanse til å gje utdanning i aktuelle fag både på BA- og MA-nivå. Gjennom utvikling av «MA-paraplyar» har HVO målsetting om å gi MA-tilbod som påbygging til alle BA-gradane. Tre av avdelingane melder at dei har god nok kompetanse i dag til å gje utdanning både på BA og MA-nivå. Avdeling for kulturfag manglar toppkompetanse til å drifte master på eiga hand.

HVO har som nemnt satsa mykje på kompetanseutvikling dei seinare åra. Alle avdelingane har hatt ei positiv utvikling når det gjeld del fagtilsette med førstekompetanse. Sjølv om nokre avdelingar står overfor utfordringar i samband med generasjonsskifte, er dei likevel optimistiske med tanke på utvikling av ny toppkompetanse. Vi har etter kvart også utvikla gode faglege nettverk til relevante samarbeidspartnarar.

Alle avdelingane har gode internasjonale nettverk. HVO fekk tidleg tilslag på fleire *Intensive Programmes*; noko som førte til styrking av det faglege samarbeidet. Dette har vore med på å leggje grunnlag for vidare utvikling av internasjonale kontaktar.

Når det gjeld fleksibel undervisning har HVO markert seg sterkt. Vi ligg i nasjonal tet på det området. Det har vore satsa på opplæring i bruk av digitale verkty, investeringar i infrastruktur og støttefunksjonar for dei fagtilsette. Vi har prøvd ut nye modellar for deltidsstudium som har vore vellukka. HVO er såleis godt rusta til å møte nye utfordringar på dette området – ikkje minst med tanke på «Lærarløftet» som regjeringa har lansert.

For FoU vil vi peike på at HVO har ein del særskilte sterke fagmiljø: historie, religion, sosialfag og språk/litteratur – som alle har gode nettverk nasjonalt og internasjonalt. Litteraturforskinga har fått etablert HVO sin første formaliserte avtale om forskingsprosjekt med fire andre institusjonar i Europa, finansiert med eksterne midlar. Sosialfagmiljøet har nettopp fått godkjend ein PhD i samarbeid med Høgskolen i Molde.

Mediefag har også bygt opp eit solid fagmiljø dei seinare åra og har fått tilslag på både SHP og mindre søknader i Rådet for anvendt medieforskning. Vi minner om at HVO har det største mediefagmiljøet i Norge. Fagmiljøet knytt til lærarutdanningane har kompetanse over gjennomsnittet i landet. Særleg pedagogikkmiljøet har utmerka seg med tilslag på praksisretta utdanningsforskning. Alle fagmiljøa har også utvikla gode nettverk når det gjeld FoU.

6) Hovudgrep for å realisere strategisk profil

Vi vil her framheve tre område som særleg viktige for å realisere den strategiske profilen åt Høgskulen i Volda. Det gjeld primært vidare kompetanseutvikling av dei vitenskapleg

tilsette. Men det gjeld også betra infrastruktur med meir tidhøvelege lokale, og det kan gjelde visse justeringar i studieporteføljen.

Kompetanseutvikling

For å realisere profilen er utvikling av kompetanse blant dei fagtilsette heilt avgjerande. Dei viktigaste tiltaka for å auke både reell og formell kompetanse er:

- Strategisk tildeling av FoU- ressursen
- Gjere strategiske vurderingar i samband med fordelinga av og utlysinga av stipendiatstillingar
- Halde fram den interne PhD-ordninga der fagtilsette får 50% Fou-tid i fire år + to FoU-stipend
- Halde fram med professorstipend (nytt i 2013) etter same modell som intern PhD-ordning
- Vurdere å utvikle førstelektorkursa til førstelektorprogram
- Vidare satsing på interne strategiske forskingsprosjekt og utdeling av såkornmidlar
- Gje tilbod om ulike kurs i høgskulepedagogikk - ikkje minst til nyttilsette som ikkje har pedagogisk utdanning
- Organisering av forskargrupper for å fremje sterkare fagmiljø og auka publisering

Campusutvikling

Som påpeika ovanfor (siste avsnitt under kap. 4) er ein god del av lokala våre utdaterte, og vi manglar moderne rom både for mykje av den samlingsbaserte vidareutdanninga og ikkje minst spesialtilpassa lokalitetar for satsingsområdet media/kultur/formidling. Som eit tiltak for å betre infrastrukturen har vi hausten 2014 sett i gang eit campusutviklingsprosjekt i samarbeid med Statsbygg. Her ser vi på utviklinga av heile campusområdet i et langsiktig perspektiv.

HVO har lenge vore av dei i heile UH-sektoren med minst areal i høve tala på studentar og tilsette, og vi har utfordringar mellom anna når det gjeld parkering og offentleg transport. Prosjektet engasjerer mange interessentar i regionen, og vi ser fram til å få ein samla plan for utnyttinga av høgskuleområdet. Ein sentral del i prosjektet er at vi ønskjer å utvikle eit innovativt senter for formidling med tidsmessige lokalitetar og oppdatert utstyr. Dette skal vere med og synleggjere dei nasjonale satsingsområda våre betre.

Studieporteføljen

Eit tredje tiltak for å realisere profilen er å gå kritisk gjennom studieporteføljen. Det gjer vi for så vidt kvart år, men vi kan ha potensial for å nytte dei nasjonale spissane våre endå betre i breiddeutdanningane for yrka i velferdsstaten. Når det gjeld internasjonalisering, kan utvikling av fellesgrader vere eit godt verkemiddel for å auke kvaliteten på utdanningstilboda og omfanget av utvekslinga av studentar og fagtilsette.

7) Tiltak som fremjar samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing

Her listar vi opp ein rad konkrete døme på samarbeidstiltak som HVO er med i:

- o Fellesgrad PdD i helse og sosial med Høgskolen i Molde
- o Signert samarbeidsavtale med University of Cardiff om PhD i helse og sosial
- o Grieg Research School – forskarskule i musikk
- o Fellesgrad GLU 1-7 på Sandane, saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane (4. studieåret 2014-2015)
- o Felles mastergrad innafor arealplanlegging i UH-nettvest – plan ferdig, men enno ikkje godkjent av NOKUT
- o Masterutdanning i RLE for GLU i samarbeid med Norsk Lærarakademi
- o Masterutdanning i helse- og sosial i samarbeid med Høgskulen Stord Haugesund
- o Emnesamarbeid på masternivå i barnevern med Høgskulen i Sogn og Fjordane (vidareutdanning)
- o Mastersamarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og i Molde der emne hos oss er godkjent som del av mastergraden deira
- o Leiing i helse- og sosialsektoren (LIHS) i samarbeid med høgskulane i Ålesund og Molde (eit vellukka samarbeidstiltak gjennom snart femten år)
- o I samband med prosjektet Travelling Texts 1790-1914' (2013-16) har vi avtalar med University of Glasgow, Turku University, University of Nova Gorica (Slovenia) og Huygens Institute for The History of the Netherlands. Dette er ein formalisert og signert prosjektavtale der vi går inn som partnarinstitusjon
- o Ny yrkeslærerutdanning i samarbeid med Høgskolen i Ålesund, fylkeskommunen og næringslivet (ikkje etablert enno)
- o Samarbeidet innafor lærarutdanningane (GLU, BLU, PPU) i UH-nett Vest
- o Forskingsgruppene i UH-nett Vest
- o Godt samarbeid med VRI Møre og Romsdal (fleire konkrete prosjekt)
- o Utvikling av designutdanning i samarbeid med designmiljøet i Stryn

Viktige samarbeidspartnarar

For dei fleste fagmiljøa og utdanningane finn ein desse på Vestlandet eller med andre institusjonar nasjonalt og internasjonalt. Det gjeld både utdanning og FoU. I nærområdet har vi samarbeid med Høgskolen i Molde om doktorgrad og om leiarutdanning i helse og sosial med både dei og Høgskolen i Ålesund. I tillegg har vi godt samarbeid med næringsliv i regionen – særleg gjennom VRI.

Vi ser eit potensial for arbeidsdeling og konsentrasjon mellom høgskulane i Volda og Sogn og Fjordane på fleire av grunnutdanningane innafor velferdsyrka. På masternivå ser vi at det kan vere mogleg å få til både med HiSF og med Molde og Ålesund – sjå vurderingane under dei ulike scenarioa nedanfor.

8) Framtidig struktur

I diskusjonen om framtidig struktur er det signal om at vi skal leggje meir vekt på arbeidsdeling og konsentrasjon. Då må vi diskutere på kva område og med kven vi skal føre slike diskusjonar. I utgangspunktet må det vere på område som er vesentlege for høgskulen; det vi kan kalle kjerneutdanningane ved HVO.

For grunnutdanningane har vi ingen overlapping med Ålesund og Molde, så der er ikkje noko å fordele med unnatak av samordning av master i helse- og sosial. Diskusjonar om arbeidsdeling og konsentrasjon vil primært vere aktuelle med Høgskulen i Sogn og Fjordane; eventuelt med andre på Vestlandet. Når det gjeld mediefaga og dei praktisk-estetiske faga, så har ikkje nokon av dei andre høgskulane på Nord-Vestlandet tilsvarende utdanningstilbod.

I det følgjande går vi inn på fire ulike scenario for mogleg ny UH-struktur i regionen:

Null-scenario: Høgskulen i Volda

HVO held fram som sjølvstendig institusjon, men med eit meir formalisert samarbeid med andre om viktige profesjonsutdanningar – i første rekke lærarutdanningane.

Medieutdanningane rekrutterer nasjonalt og internasjonalt (animasjon). Over heile landet vert Høgskulen i Volda assosiert med medieutdanninga, og vi er redde for at vi i ein fusjonert høgskule med eit anna namn vil misse denne viktige merkevara.

Vi ser generelt mange kvalitetar ved HVO i dag, og vi har til no klart oss godt som sjølvstendig høgskule. Eit samla fagmiljø ved HVO ønskjer framleis denne modellen. Men sidan føringane frå KD er sterke på at alle skal sjå føre seg eit landskap med færre institusjonar, så vurderer vi fleire moglege løysingar.

Scenario 1: Høgskulen i Møre og Romsdal

Ei samling av dei tre høgskulane i fylket gjev ein struktur der HVO sine fagmiljø er komplementære til dei to andre. Frå Volda si side har vi ikkje meir å arbeidsdele eller konsentrere – med unnatak av mastertilbod innafor helse- og sosial. Mellom Molde og Ålesund skulle der vere potensial for arbeidsdeling og konsentrasjon innafor helsefag og økonomisk-administrative fag.

Vurdering

Når ein slår saman høgskular og fagmiljø som er komplementære, vil det som regel ikkje skape store konfliktar mellom dei. Modellen kan føre til ein organisasjon som har eit breitt utdanningstilbod og kanskje styrkt posisjon på den nasjonale utdanningsmarknaden. Men det er vanskeleg å sjå at ein slik modell vil styrke kvaliteten i utdanning og forskning ved HVO – med unntak av det nemnde mastertilbodet innanfor helse- og sosial og etter- og vidareutdanning. Vi har no fått godkjent doktorgradsutdanninga i helse- og sosialfag saman med Molde, og ho vil bli drifta som ein fellesgrad mellom to sjølvstendige institusjonar.

Scenario 2: HVO/HiSF

Løysinga med HVO og Sogn og Fjordane er kjenneteikna av stor grad av overlappande fagportefølje innafor velferdsutdanningane: barnehagelærar, grunnskulelærar, PPU, barneverns-pedagog og sosionom. I tillegg kjem nokre fagstudium, samfunnsfag og idrettsfag og friluftsliv. Nynorskprofilen og plasseringa i bygdemiljø er også sams for desse to høgskulane.

Vurdering

Ein slik fusjon kan bidra til å styrke fagmiljøa innafor dei største profesjonsutdanningane våre – lærarutdanningane og sosialarbeidarutdanningane. Både HiSF og HVO har GLU, BLU, PPU, barnevern og sosionomutdanning. Søkninga til GLU, særleg 1-7, er marginal særleg på HiSF og i noko mindre grad på HVO. GLU er såleis den mest utsette utdanninga på begge høgskulane.

Grunnskulelærarutdanninga er sett under debatt som eitt av kunnskapsministeren sine sju punkt. Diskusjonen handlar både om kor mange institusjonar som får drifte lærarutdanning i framtida – og om kravet om utviding til femårig masterutdanning. Ei samanslåing med HiSF kan bidra til å oppretthalde ei solid grunnskulelærarutdanning på Nord-Vestlandet. Denne modellen kan føre til at vi kan gi eit breiare fagleg tilbod til lærarstudentane når mastergraden blir innført. Ein slik fusjon kan og gi grunnlag for nærare arbeidsdeling mellom Volda og Sogndal.

Sosialarbeidarutdanningane ved HVO er ikkje utsette. Det er god søking til dei studia, og vi har eit solid fagmiljø som også har fått godkjenning til å drifte ein doktorgrad. Men saman med HiSF vil eit sterkt fagmiljø bli endå sterkare. Både HiSF og HVO har idrettsfag; så her kan ein også få eit stort fagmiljø som kan utnytte det Vestnorske fjordlandskapet til å utvikle nye studietilbod.

Ei slik løysing mellom Sogn og Fjordane og Volda – med større fagmiljø og betre studentgrunnlag for fleire av profesjonsutdanningane – kan også gjere det lettare å utvikle nye mastergradutdanningar og PhD-program. Ho vil også gjere det lettare å styre utviklinga av nye program slik at ein unngår konkurranse om avgrensa studentgrupper. Eit fellestrekk er at HiSF og HVO har brorparten av verksemda retta inn mot offentleg sektor. Andre fellestrekk er at begge høgskulane har store samfunnsvitskaplege og humanistiske fagmiljø, og at vi kulturelt høyrer saman gjennom nynorskprofilen og plasseringa i bygdemiljø.

Samstundes har løysinga eit stort potensial for konflikt fordi ein ganske snart får på dagsorden spørsmål om det skal vere dublering av studietilbod på fleire campusar og om det skal vere undervisning på fleire nivå alle stadane. Men slike diskusjonar om arbeidsdeling mellom HVO og HiSF vil etter vår vurdering måtte kome anten dei to høgskulane blir fusjonerte eller ei.

Scenario 3: Møre og Romsdal/Sogn og Fjordane

I denne modellen samlar ein både fagleg likskap og komplementaritet. Her blir alle høgskule-tilboda mellom Bergen og Trondheim samla i ein organisasjon. Innhaldet i ei slik samanslåing går fram av det som er nemnt under scenarior 1 og 2 ovanfor.

Vurdering

Ein slik modell over dei to fylka på Nord-Vestlandet kan gi dei same fordelane som Scenario 2 når det gjeld lærarutdanningane, sosialarbeidarutdanningane og idrettsfaga. I tillegg kan han verke til å skape større fagmiljø innafor teknologi/ingeniørfag, økonomisk/administrative fag og sjukepleie. Særleg på HiSF er teknologi/ingeniørfaga små og sårbare. Modellen kan føre til ein organisasjon som har eit breitt utdanningstilbod – og kanskje styrke posisjonen på den nasjonale utdannings-marknaden. Det er mogleg at Nord-Vestlandet som region kan bli styrka gjennom ein slik modell. På den andre sida kan storleiken og kompleksiteten i seg sjølv gå ut over dei kvalitetane vi til no har hatt som ein mellomstor høgskule (jf. null-scenarior 1 og 2 ovanfor).

På same måte som i Scenario 2, har også denne løysinga stort potensial for konflikt fordi ein fort får på dagsorden spørsmål om det skal vere dublering av studietilbod på fleire campusar. Erfaringar frå fusjonar viser at di fleire institusjonar som er involverte, di vanskelegare er det å lukkast med å skape ein ny samla institusjon. Stor geografisk avstand kan sameleis verke i negativ retning. Konfliktpotensialet i denne modellen er større enn i Scenario 2, fordi ein her vil få diskusjonar om dublering av langt fleire studietilbod.

9) Oppsummering

Høgskulestyret har merka seg at alle avdelingane, fagforeiningane og Studenttinget i Volda primært ynskjer at HVO held fram som sjølvstendig institusjon. Dersom styresmaktene meiner (jf. oppdragsbrevet av 26.05.2014) at vi må inn i ei større eining, ser styret det som mest tenleg med ein fusjon av høgskulane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Enten HVO held fram som eigen institusjon, eller vert slått saman med andre høgskular på Nord-Vestlandet, vil styret prioritere følgjande som nasjonale satsingsområde for høgskulen:

- Yrkesretta medieutdanning
- Nynorsk i utdanning, forskning og formidling
- Fleksibel vidareutdanning

Langs dei linjene som her er framheva ser vi fram til nærare dialog om vidare kvalitetsheving og spissa strategisk profilering av forskning og høgare utdanning i Volda og regionen rundt oss. Vi ser positivt på at departementet har opna for nye samtalor i denne prosessen, og vi bed med dette om eit slikt møte så snart det let seg gjere.

Med venleg helsing,

Per Halse, rektor.

Jacob Kjøde jr., høgskuledirektør.

Vedlegg: Strategiplan for Høgskulen i Volda.